

Elg og hjort 2019- 2021

# Hjorteviltplan Kviteseid kommune



Vedteken i hovudutvalet

Elg og hjort 2019- 2021

## Innhold

1. Definisjonar:.....	2
1.1. Innleiing .....	3
1.2. Rammer for den lokale forvaltninga .....	3
1.3. Forvaltningsmål.....	4
1.4. Organisering .....	4
1.5. Elgens bestandsutvikling i Kviteseid .....	5
1.6. Overordna mål.....	5
1.7. Langsiktige mål .....	5
1.7.1. Elg: .....	5
1.7.2. Hjort: .....	6
1.8. Kortsiktige mål.....	6
1.8.1. Elg: .....	6
1.8.2. Hjort: .....	6
1.9. Statistikk .....	7

### 1. Definisjonar:

**Teljande areal:** Areal under skoggrensa som etter PLB er lagt ut som LNF område.

**Minsteareal:** Det teljande areal som skal leggest til grunn for berekning av fellingsløyve.

**Vald:** Eit geografisk område som er godkjent til jakt på hjortevilt og får tildelt fellingsløyve.

**Bestandsplanområde:** Eit eller fleire vald som samarbeider og som har felles målsetningar og plan for uttak. Bestandsplanområdet for elg og hjort må bestå av eit areal som er minst 20 gonger minstearealet i kommunen.

**Bestandsplan:** Jaktrettshavaranes plan ( 2 til 5 års plan ) med målsetningar for forvaltninga og beskriving av den årlege avskytinga.

## 1.1. Innleiing

Kommunen har eit stort ansvar for "offentlege" interesser knytt til forvaltning av hjortevilt, blant anna opplevingsverdiar, naturmangfald, trafikkproblem og andre skader og ulemper hjorteviltet kan forårsake. Kommunen har også ansvar og utfordringar knytt til jaktrettshavarane sin rettar ved å fastsette forskrifter og fatte enkeltvedtak, jf forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Jakt er det viktigaste og mest effektive verktøyet i forvaltninga av elg og hjort. Ved å endre på kvotar og kva for type dyr som blir tatt ut, kan ein auke eller senke bestanden, eller endre forholda mellom kjønn og alder.

Ved å auke eller redusere bestanden kan vi indirekte påverke beitetrykk, tal på trafikkulykker, slaktevekter og fruktbarheit blant elgkyr.

Fastsetting av minstearealet er eit av dei viktigaste verkemiddela kommunen har for regulering av hjorteviltbestandane. Det kan fastsettast forskjellige minsteareal for ulike delar av kommunen dersom det er vesentlege forskjellar i bestandtettleik eller skadepress.

I tilfelle der ein får akutte situasjonar med hjortevilt som er til fare for skade på personar, eller skapar trafikkfarlege situasjonar, kan kommunen vurdere skadefelling.

## 1.2. Rammer for den lokale forvaltninga

Viltlovens formålsparagraf(Lov om viltet § 1) står det at formålet med viltloven er: "Viltet og viltets leveområde skal forvaltast slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevarast. Innanfor denne ramme kan viltproduksjonen haustast til gode for landbruksnæring og friluftsliv."

I formålet til forskrift om forvaltning av hjortevilt § 1 står det:

"Formålet med denne forskrifta er at forvaltninga av hjorteviltet tek vare på bestandens og leveområdas produktivitet og mangfald. Det skal leggjast til rette for ein lokal og berekraftig forvaltning med sikte på nærings og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursane. Forvaltning skal vidare sikre bestandsstørrelser som førar til at hjortevilt ikkje forårsakar uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser."

Forskrift om forvaltning av hjortevilt 2016, delegerer ansvar og arbeidsoppgåver til kommunane og rettshavarane slik at disse får ein meir sentral rolle i forvaltninga av hjorteviltet.

I § 3 i forskrifta står det at kommunen skal vedta målsetningar for utviklinga av elg hjort og rådyr. Måla skal ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg. Målsetningane som blir vedtekne bør vera konkrete og etterprøvbare.

Desse paragrafane vil danne bakgrunnen for kommunen sitt arbeid med hjorteviltplan.

Jaktrettshavarane har ansvar for den detaljerte bestandsplanlegginga med årlige avskytingsplanar.

### 1.3. Forvaltningsmål

- Kommunen sine overordna mål bør vera generelle og seie litt om prioriteringane som kommunen ynskjer i forvaltninga.
- Kommunen sine langsiktige mål skal seie litt om korleis utviklinga av bestanden skal vera på lengre sikt ( 10 - 15 år), og desse måla bør vera konkrete.
- Dei kortsiktige måla vil gjelde for planperioden og vil vera delmål for å oppnå dei langsiktige måla. Dei kortsiktige måla må vera konkrete.

Kommunane har det overordna ansvar med å regulere størrelsen på de ulike hjorteviltbestandane. Jaktrettshavarane skal ha ansvaret for den praktiske forvaltninga gjennom bestandsplanlegging og plan for årlig avskyting.

Planane skal bygge på, og ta omsyn til, kommunen sine målsetingar. Kommunen skal godkjenne planane. Jaktutaket er eit verktøy for å nå måla.

Det er opp til rettshavarane sjølve om dei vil delta i forvaltninga og utarbeide bestandsplanar. Kommunen kan med heimel i § 18 i forskrifta tildele fellingsløyve til vald utan godkjent bestandsplan. Desse valda blir då pålagt ei målretta avskyting ved at kommunen fordelar fellingskvota på bestemte dyr når det gjeld alder og kjønn.

### 1.4. Organisering

Valda i kommunen forvaltar ikkje ei eiga elg- eller hjortestamme. Desse stammene trekker over grensene til nabokommunar og dette, saman med variasjonar i stamma innanfor kommunen, gjer det til ei utfordring å forvalte bestanden rett.

Jakta på elg og hjort er organisert i 3 bestandsplanområde (9 vald).

Valda dekker eit areal på vel 646.664 daa, derav ca 84.000 daa av dette ligg i nabokommunane.

Valdnamn	areal daa	daa felt elg 2018	daa felt hjort 2018
Vråvatn sør	95.300	7.300	23.800
Vråvatn – Bandak	91.700	6.100	30.600
Vrådal – Fjågesund	76.400	5.500	76.400
Tveitgrend	61.930	3.600	6.200
Dalane – Morgedal	39.580	6.600	
Nonetten	40.500	4.500	20.200
Brokfjell	58.982	8.400	29.500
Kilen – Østenå	148.000	8.200	11.400
Morgedal	41.250	4.600	13.800

Minstearealet for elg er i dag 5000 daa, for hjort 3000 daa

I 2018 blei det felt 108 elg ( 6.000 daa pr felt elg ) 38 hjort ( 17.200 daa pr felt hjort ).

## 1.5. Elgens bestandsutvikling i Kviteseid

Det finnast fellingsdata heilt tilbake frå 1976 for Kviteseid. I tillegg er det samla inn sett-elgskjema frå og med 1986 som finst i hjorteviltregisteret. Frå 1999 er det samla inn slaktevekte for felt elg. Vi har difor mange og gode statistikkar.

Bestanden av elg auka fram mot slutten av 1990-talet. Bestanden var på den tid høgare enn det som vert rekna som berekraftig, og skadane på skog og skader i landbruket vart store. Det var også mange trafikkulykker mellom bil og hjortevilt og problem med elg som var heilt inn til bustadar og gjorde folk urolige.

Kvotene auka og etter jakta i 2013 var bestanden redusert ned mot det halve av det den var i 2000.

Minstearealet blei endra frå 2000 daa til 5000 daa. Målsetjinga var for perioden 2016 - 2018 å stabilisere bestanden på det nivået den var i 2014.

Utaket i siste planperiode har vore mindre enn tilveksten og mindre enn det kommunen sin plan la opp til. Dette har ført til at bestanden av elg har auka. Mange jaktlag har ønska denne auken, men resultatet av sett elg og slaktevekte viser ei negativ utvikling på kalv pr ku, kalv pr kalveku og slaktevekte på felt elg. Uttaket i kommunen bør aukast for å halde bestanden på eit nivå som er i samsvar med beitegrunnet.

## 1.6. Overordna mål

Bestandane av hjortevilt skal ligge på eit stabilt berekraftig nivå og må tilpassast beitegrunnet. Kommunen skal ta omsyn til biologisk mangfald, skogproduksjon / skogforynging, fare og ulemper i trafikken, skader på jordbruk og andre områder. Det er eit mål at heile kommunen framleis er organisert i vald og bestandsplanområde, og ha godkjente bestandsplanar utarbeida av rettighetshavarane. Valda / bestandsplanområda bør ha ein størrelse og arrondering som fremmar ei god forvaltning.

## 1.7. Langsiktige mål

Elg- og hjortestamma i Kviteseid skal ha ein god kondisjon og skal utnytte beiteressursane utan at det blir beiteskader på inn- og utmark. Bestandane av hjortevilt må heller ikkje bli så store at det fører til betydelege trafikkproblem.

### 1.7.1. Elg:

Det er eit mål å ha ei kjønnsfordeling i bestanden på 1,5 kyr pr okse.

Kalveproduksjon bør auke til 0,60 kalv pr ku.

Slaktevekte på kalv og ungdyr bør auke til 60 kg for kalv og 120 kg for 1 ½ åringar.

For å nå måla bør bestanden reduserast ved at uttaket av kalv og ungdyr aukast.

Dette for å redusere belastninga på beite og for å få nok kvalitetsmat for dei produktive dyra i bestanden.

### 1.7.2. Hjort:

Hjortestamma bør bestå av flest mogleg produktive dyr for å gje ein høg og stabil avkastning. Hjortestamma bør ikkje bli så stor at det gjeng ut over vektorer eller den generelle kvaliteten på dyra. Hjortestamma må heller ikkje bli så stor at det fører til uakseptable beiteskader på skog.

Kjønnsfordelinga bør ligge på 1,5 til 2 hind pr bukk.

## 1.8. Kortsiktige mål

### 1.8.1. Elg:

Uttaket har vore mindre enn tilveksten og bør aukast til 130 dyr i året.

Delen av kalv i uttaket må aukast for å heve snittalderen i bestanden, og spare produktive dyr.

Ved å ta ut kalv, unge og uproduktive dyr, kan ein få ei stamme med færre dyr som er meir produktive.

Tiltak for å nå målsetjinga:

- § 7i hjorteviltforskrifta blir brukt for å fråvike minstearealet i enkelte områder i perioden.
- Ta ut minst 35 % av uttaket som kalv.
- Ta ut minst 70 % av uttaket som kalv, 1 ½ åringar og små dyr ( < 130 kg ).
- Spare produktive kyr og kyr med tvillingkalvar.
- Ha ei kjønnsfordeling i uttaket som gjer at ein kan nå målet om ei kjønnsfordeling på 1,5 kyr pr okse.

### 1.8.2. Hjort:


Bestanden av hjort aukar kvart år og uttaket har vore mindre enn tilveksten. Vintrar med mykje sno og gaupe kan virke inn på utviklinga og dette må ein ta med i dei årlege vurderingar av kvote. Bestanden må holdast på eit nivå som er berekraftig.

Hjorten er meir "klattevis" fordelt i kommunen. Dette vil truleg endre seg litt etter som bestanden aukar difor bør minstearealet vera likt i kommunen til ein får litt meir kunnskap om bestandsutviklinga.

Hjortejakta er krevjande og fellingsprosenten vil vera låg. Dette betyr at for å få tatt ut nok dyr må kvota vera ein del høgare enn det uttaket som er planlagt.


- Minstearealet på hjort er uendra på 3000 daa pr dyr.
- Minst 50 % av uttaket skal vera kalv eller ungdyr.

## 1.9. Statistikk




Kjelde: Hjorteviltregisteret

Sett elg pr dagsverk auka fram til 2000, i perioden 2000 til 2013 har det gått ned frå 0,83 til 0,39 sett elg pr dagsverk. I 2017 var det 0,42 sett elg pr dagsverk. Endringar i føringa av skjema gjer at ein får ein større auke i sett elg for 2018 og som fører til at sett elg pr dagsverk i 2018 ikkje kan samanliknast med tidlegare år.




Kjelde: Hjorteviltregisteret

Felt elg pr jegerdag viser liten forskjell i perioden 2015 – 2018. Men dette saman med sett ku pr okse tyder på at bestanden har auka dei siste åra.



Kjelde: Hjorteviltregister

Uttaket av okse har vore over 60% dei fem siste åra, likevel viser sett elg at det blir færre kyr pr okse. Auke i bestanden er truleg forklaringa.




Kjelde: Hjorteviltregisteret

Sett kalv pr ku viser ein negativ utvikling dei siste åra og var i 2018 på 0,45 kalv pr ku. Av dei kyrne som hadde kalv i 2018 hadde 1 % tvillingkalvar, før 1990 var det 20 %.



Felt elg i Kviteseid perioden 1976 til 2018



Prosent felt hanndyr / hodyr 1991 til 2018

